

Stavanger2Trondheim – Gul stripe med farbare fylkesvegar

Stavanger2Trondheim – gul stripe og farbare fylkesvegar

For eitt år sidan endra lobbyselskapet Hordfast AS namn til Stavanger2Bergen AS. Føremålet med selskapet er det same, nemleg å realisera ferjefri E39 mellom Stavanger og Bergen. I juni 2025 vedtok fylkestinget, mot SV sine røyster, at Vestland fylkeskommune skulle bli medeigar i dette lobbyselskapet. Hordfast er eit svært omstridd vegprosjekt og er heldigvis ute av Nasjonal transportplan.

Prosjektet vil føra til dei største naturinngrepa i Hordaland i moderne tid og er rekna å kosta over 50 milliardar kroner. Planane om ferjefri E39 med firefelts motorvegar og fjordkryssingsprosjekt langs kysten frå Stavanger til Trondheim vil føra til enorme naturinngrep, store tap av matjord, og storstilt sentralisering. Ferjefri E39 er i direkte strid med klima- og naturmåla, og Hordfast vil bidra til auka biltrafikken inn mot Bergen. Det vil kosta langt meir enn det smakar for folk og miljø.

På E39 er det framleis 6–7 strekningar utan gul stripe og akseptabel standard, medan etterslepet på fylkesvegnettet i Vestland er enormt. Skal me nå klima- og naturmåla og samstundes sikra eit berekraftig trafikksystem rundt fylkeshovudstaden, må samferdslemidlane prioriterast til trygge og gode vegar med gul midtstripe og betre kollektivtilbod, ikkje til spinndyre motorvegprosjekt og fjordkryssingar. Mest mogleg gjenbruk av dagens trase og forbikøringsfelt på enkelte strekningar mellom fjordane, vil vera billegare, tryggare og betre for natur og lokalsamfunn.

Derfor er det gledeleg at Naturvernforbundet Hordaland, Norges Miljøvernforbund, Lastebileierforbundet avdeling 5 og Fellesforbundet avdeling 11 Vestnorsk Transportarbeiderforening, har danna nettverket *Stavanger2Trondheim – Gul stripe med farbare fylkesvegar*. Nettverket jobbar for betre framkome mellom fjordane på E39, meir midlar til rassikring og gul midtstripe på fylkesvegnettet, og for å sikra at trafikksystemet rundt Bergen ikkje bryt saman. Vestland SV støttar nettverket *Stavanger2Trondheim – Gul midtstripe med farbare fylkesvegar*.

Dei store samferdslemidlane skal brukast der dei gjer størst nytte for folk og miljø: På trygge vegar, vedlikehald og rassikring som gjev folk i heile fylket ein betre kvardag og tryggare ferdslar.

Vestland SV vil:

- prioritera trygge bruksvegar med gul midtstripe i heile fylket.
- rusta opp E39 mellom fjordane framfor dyre fjordkryssingsprosjekt og naturøydeleggjande motorvegar.
- stansa alle planlagde motorvegprosjekt i Vestland, og dimensjonera ned vegstandarden på K5 mellom Arna-Trengereid til tofeltsveg.
- ha kollektivfelt på alle innfartsårene til Bergen.
- ha ny tofeltstunnel bak Grimesvingane.